


Eit godt arbeidsår for Norddal Farnarbeidsskule

Og ein hyggeleg avslutningsfest.



Dette bilete syner klart alle dei gilde saker som vart laga på kurset.

Laurdag den 2. april slutta første kurset ved den nye arbeidsskulen i Ytredal. Sundag var det utstilling av elevarbeid i skuleroma på Fredvang. Endå veret ikkje var det beste, nytta mykje av bygdefolket høvet til å sjå innom.

Heradstyret og skulestyret var innbedne.

Millom åskodarane var der kanskje dei som ikkje hadde so store voner til skulen. Styraren Gerh. Berge var ung og urøynd so det var ikkje so mykje å vente. — Både desse og dei som hadde venta seg mykje vart forundra ved første syn, og før dei hadde gått over heile utstillinga var alle samde om at det var både mykje og gildt arbeid.

Kvar elev har laga seg mykje av

det ambod ein smed må ha, hamrar, tener, skruesnitt, filflo, passar, skjærfilboge — og ein har jamvel laga seg ei stor skrustikke, kanskje det vandaste arbeid som var der. Hylsa var laga heilt etter den gamle arbeidsmåten med påsveisa skrugang inni, og det heile var både solide og gode greier.

Elles var der utstilt hyllebenkskruar, øksar, grev og mange fine småting uthamra i kopar, store fine lysekroner og tusen andre ting.

Etter utstillinga var slutt samlast folket på ungdomshuset til fest. Sokneprest Ofstad heldt festtalen. Elles skifte det med opplesing, song og musikk frametter kvelden. I 9-tida vart festlyden beden til velduka bord i matsalen.

Det leid då so langt at dei som skulde reise heim med båt måtte til å segje farvel. Sokneprest Ofstad takka for skulestyret, og Elias Øien bar fram ein takk frå Norddal heradstyre for innbydinga. Han uttalte si glede over at skulen hadde gått godt første året og ynskte skulen og læraren Gerh. Berge alt godt i komande år.

Gerh. Berge takka so heradstyre og skulestyre for den studnad dei har gjeve, særleg soknepr. Ofstad som har havt meste arbeide med å få det heile i gong.

Ein av elevane, A. Grønmyr, bar fram ei vakker gåve i sylv til G. Berge, og takka for god rettleiding og godt kameratskap gjennom skuleåret.